



Liafjord leggjast til kai tysdag (Foto. Ola Matti Mathisen)

Alt maskineri som hovudmotor, hjelpemotor, RSV-anlegg og kompressorar er allereie sett på plass i skroget som kom frå Litauen i går og no blir utstyrt hos Eidsvik. Liafjord blir difor ikkje skore opp som det ofte før var vanleg å gjera her, særleg for å få på plass hovudmotoren.

Det fyrste som no skjer er lyssetting av alle rom og ilandsetjing av utstyr som er lagra ombord og som skal monterast.

Dagleg leiar Svein Arne Eidsvik opplysar til Kvinnheringen at det mellom anna gjeld ein del prefabrikerte røyr som skal koplase opp i system. Motorar skal rettast opp og elektronikk og innreiing skal på plass.

Liafjord skal leverast til Liegruppen Fiskeri på Straume ved månadsskiftet august/september. Det har gjennom mange år vore eit tett samarbeid mellom dette reiarlaget og Eidsvik både om nybygg og vedlikehald.